



KINN KOMMUNE

Postboks 294

6701 MÅLØY

Saksbehandlar, innvalstelefon

Linda Burkeland, 55 57 22 94

## Vedtak etter krav om lovlegkontroll som gjeld nedlegging av Stavang skule i Kinn kommune

Statsforvaltaren i Vestland viser til oversending av krav om lovlegkontroll frå Kinn kommune av 9. oktober 2025. Kravet gjeld kommunestyret si avgjerd i sak 151/24 om nedlegging av Stavang skule.

### Statsforvaltaren sitt vedtak

Kinn kommune sitt vedtak i sak 151/24 om nedlegging av Stavang skule er lovleg.

### Bakgrunn for saka

Kinn kommune behandla i kommunestyremøte 16. desember 2024 sak om Temaplan for oppvekst 2022-2034. Temaplanen er ein strategisk plan for tenesteområda barnehage, grunnskule, PPT, barnevern, kulturskulen, vaksenopplæringa og helsestasjon. Målet med planen er å sikre eit heilskapleg grep om oppveksten i Kinn.

Kommunestyret gjorde følgjande vedtak knytt til Stavang skule:

KOST- 151/24 Vedtak punkt 2:

*Stavang skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2025, og elevane vert overført til Florø barneskule, alternativt Eikefjord barne- og ungdomsskule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Stavang skule, vert starta opp snarast.*

Stavang skule hadde ifølgje [Grunnskolen Informasjonssystem](#) tolv elevar skuleåret 2024-2025.

Den 3. januar 2025 sette tre kommunestyrepresentantar fram eit krav om lovlegkontroll av kommunestyret sitt vedtak. I kravet går det fram at representantane meiner vedtaket er gjort utan ei politisk sak forut. Det blir vist til at det er eit generelt forvaltningsrettsleg prinsipp at ei sak skal vere forsvarleg klarlagt før ei avgjerd blir tatt. Dei meiner saka ikkje har vore på høyring, at barnet sitt beste ikkje er vurdert og at grendalag, foreldreråd og andre organisasjonar som kan ha interesse for



saka ikkje er blitt høyrde før vedtaket blei gjort. Representantane meiner derfor saksbehandlinga ikkje er i samsvar med rundskrivet «Behandling av saker om skolenedleggelser og kretsgrenser».

Kommunestyret behandla kravet om lovlegkontroll i møte 13. mars 2025, sak 017/25, og gjorde følgjande vedtak:

KOST- 017/25 Vedtak:

1. Kommunestyret sitt vedtak i sak 151/24, punkt 2, er lovleg fatta med grunngjeving som går fram av saka.
2. Saka vert sendt Statsforvaltar for lovlegkontroll.

Kommunen har i si oversending ikkje gjort greie for kvifor det har tatt sju månadar frå kravet om lovlegkontroll blei behandla i kommunestyremøte 13. mars, til saka blei oversendt Statsforvaltaren 9. oktober. I mellomtida er skulen blitt lagt ned. Vi vil presisere at sjølv om det ikkje føreligg noko frist for oversending av saka til Statsforvaltaren i kommunelova, bør det i tråd med god forvaltningsskikk gjerast utan ugrunna opphald. Det er uheldig at det har gått å lang tid.

### **Regelverk**

Det følgjer av kommunelova § 27-1 første ledd at tre eller fleire medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget saman kan krevje at departementet kontrollerer om eit vedtak er lovleg.

Myndigheita til å gjennomføre lovlegkontroll av kommunale vedtak er delegert til Statsforvaltaren, jf. FOR-2019-08-30-1096 kapittel IX.

Eit krav om lovlegkontroll av eit kommunalt vedtak må fremjast innan tre veker frå vedtaket blei gjort, jf. kommunelova § 27-1 første ledd.

Etter § 27-2 første ledd bokstav a kan Statsforvaltaren kontrollere «endelige vedtak som er truffet av et folkevalgt organ eller den kommunale eller fylkeskommunale administrasjonen.»

Av § 27-3 første ledd går det fram at vi ved lovlegkontroll skal ta stilling til om vedtaket

- a. har eit lovleg innhald
- b. er treft av nokon som har myndigheit til å gjere eit slikt vedtak
- c. har blitt til på lovleg måte

Lovlegkontrollen kan avgrensast til det som er teke opp i saka, jf. kommunelova § 27-3 andre ledd. Vidare kan lovlegkontrollen berre omfatte dei offentlegrettslege sidene ved vedtaket, jf. § 27-3 tredje ledd. Lovlegkontroll inneber ikkje at Statsforvaltaren har myndigheit til å gjere nytt vedtak i saka. Vi kan berre oppheve kommunen sitt vedtak dersom det er ugyldig, jf. kommunelova § 27-3 fjerde ledd.

Ettersom lovlegkontroll ikkje er ei klage etter forvaltningslova, har ikkje Statsforvaltaren myndigheit til å overprøve kommunen sitt frie skjønn. Vi skal heller ikkje ta stilling til kommunen sine politiske vurderingar.



## **Statsforvaltaren si vurdering**

### Om dei formelle vilkåra for å gjennomføre lovlegkontroll

Kravet om lovlegkontroll er sett fram av tre kommunestyrerepresentantar og det blei fremja innan tre veker etter at vedtaket blei gjort.

Kommunedirektøren vurderer at vedtaket det er kravd lovlegkontroll med isolert sett ikkje er eit endeleg vedtak, men at saka likevel bør behandlast etter reglane for lovlegkontroll når krav om det først er fremja.

Ein føresetnad for at Statsforvaltaren skal kunne kontrollere om vedtaket er lovleg, er at det er eit endeleg vedtak som er gjort av eit folkevalt organ eller den kommunale eller fylkeskommunale administrasjonen, jf. kommunelova § 27-2 første ledd bokstav a. Prosessleiande avgjerder kan ikkje vere gjenstand for lovlegkontroll. Statsforvaltaren vurderer at vedtaket om å leggje ned Stavang skule frå 1. august 2025, er eit endeleg vedtak med ei realitetsavgjerd om slik nedlegging. Dette gjeld sjølv om vedtaket skal følgast opp med ei sak om kringsgrensejustering. Det er derimot ikkje eit enkeltvedtak fordi det ikkje gjeld rettigheter eller plikter til «en eller flere bestemte personer».

Ut frå dette vurderer vi at dei formelle vilkåra for å gjennomføre lovlegkontroll er oppfylte.

### Om vedtaket er gjort av rett myndigheit – personell kompetanse

Etter kommunelova § 5-3 er det det øvste organet i kommunen som kan ta avgjerder på vegner av kommunen. Ettersom vedtaket om nedlegging er gjort av kommunestyret i Kinn kommune, og dermed av eit organ som har myndigheit til å ta slike avgjerder, finn vi at kravet til personell kompetanse er oppfylt. Det er ikkje omtvista at kommunestyret har myndigheit til å gjere vedtaket som lovlegkontrollen gjeld.

### Om vedtaket har eit lovleg innhald - materiell kompetanse

I denne delen av kontrollen skal Statsforvaltaren vurdere om innhaldet i vedtaket er i tråd med dei lovene som regulerer rettsområdet.

Kinn kommune er skuleeigar for kommunale skular og står i utgangspunktet fritt til å vurdere korleis dei vil drifte skulane sine. Verken opplæringslova eller anna regelverk inneheld reglar for når det er lovleg eller ulovleg å leggje ned eller opprette ein skule. Avgjerder om skulestruktur ligg innafor kjerneområdet til den kommunale handlefridomen, og avgjerda kan med det byggje på kommunestyret sine økonomiske, politiske og samfunnsmessige prioriteringar.<sup>1</sup>

Kommunestyret i Kinn kommune har etter ei avveging av ulike omsyn gjort vedtak om å leggje ned Stavang skule. Ei slik avgjerd, som ligg i kjernen av det kommunale sjølvstyret, må Statsforvaltaren vere tilbakehalden med å overprøve så lenge kommunen held seg innanfor rammene i regelverket. Vi kan ikkje sjå at det er omtvista at vedtaket om nedlegging har eit lovleg innhald, og vi vil derfor ikkje gå nærmare inn i ei vurdering av dette.

---

<sup>1</sup> [Behandlingen av saker om skolenedleggelser og kretsgrenser | udir.no](https://udir.no/tema/utdanning/utdanningssaker/utdanningssaker-og-kretsgrenser)



### Om vedtaket har blitt til på lovleg måte – prosessuell kompetanse

I denne delen av kontrollen skal Statsforvaltaren vurdere om kommunen har fulgt både lovfesta og ulovfesta saksbehandlingsreglar.

#### *Kva saksbehandlingsreglar gjeld?*

Ei avgjerd om å legge ned ein skule er, som nemnt, ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Sjølv om vedtaket har blitt til under utøving av offentlig myndigheit, er det ikkje ei avgjerd som vert bestemmende for rettigheter og plikter til enkeltpersonar. Dette inneber at kommunen ikkje må følge saksbehandlingsreglane i forvaltningslova kapittel IV om saksførebuing ved enkeltvedtak for at vedtaket om nedlegging skal vere gyldig. Det gjeld likevel eit ulovfesta forvaltningsrettsleg prinsipp om at saksutgreiinga skal vere forsvarleg. Prinsippet er også lovfesta i kommunelova § 13-1 tredje ledd, der det kjem fram at «[k]ommunedirektøren skal påse at saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet. Utredningen skal gi et faktisk og rettslig grunnlag for å treffe vedtak.»

Kor omfattande utgreiingsplikta er, kjem an på ei konkret vurdering av saka sitt omfang, kompleksiteten, tidsaspektet og så vidare.<sup>2</sup>

Kinn kommune har behandla spørsmålet om nedlegging og forskriftsendring som to separate saker. Det er berre fyrstnemnde som er gjenstand for vår lovlegkontroll. I rundskrivet som representantane viser til, Udir-2-2012, gir Utdanningsdirektoratet retningslinjer for behandling av saker om skulenedlegging og kringsgrenser. Her går det fram at når ein behandlar det som to separate saker, vil avgjerda om sjølve nedlegginga måtte følge ulovfesta forvaltningsrettslege prinsipp.

I rundskrivet går det fram at kravet om at saka skal vere forsvarleg utgreidd, betyr at kommunestyret skal ha rimeleg kjennskap til synspunkta til dei som er råka av nedlegginga, før vedtak gjerast. Slike avgjerdar vil i stor grad råke foreldre og nærmiljø. Vidare skriv dei at:

Skolens *samarbeidsutvalg*, alternativt *foreldrerådet*, bør derfor få anledning til å uttale seg når det gjelder vedtak om skolestruktur.

Andre som bør få anledning til å uttale seg i slike saker kan være:

- fagforeningene for de ansatte ved skolen, grendelag og andre grupper og organisasjoner som kan ha interesse i saken
- andre brukere av skolen som vil bli påvirket av en nedleggelse
- andre brukerorganer ved skolene, for eksempel skolemiljøutvalg og elevråd
- samarbeidsutvalg eller foreldreråd ved andre skoler som berøres.

#### *Om kommunen si saksbehandling*

I kravet om lovlegkontroll blir det vist til at Kinn kommune først då kravet om lovlegkontroll var satt fram (januar 2025), hadde på høyring forskriftsendring for opptaksområde for Stavang skulekrins og at dette var gjort utan ei politisk sak om nedlegging. Representantane meiner dette ikkje er i samsvar med rundskrivet Udir-2-2012.

---

<sup>2</sup> Prop.46 L (2017-2018) s. 379



I følgeskrivet til kravet, signert av vararepresentant for Kinn Senterparti og medlem av Oppvekst- og kulturutvalet, blir det vist til eit vedtak gjort i dette utvalet 5. mars 2024. Vararepresentanten viser til at utvalet ikkje har fått denne saka attende, berre sak om nye opptaksområde. Slik vi forstår det, meiner utvalet at det skulle vore fremja ei eiga sak om nedlegging av Stavang skule for dei, og at dei meiner det er ein feil at dette ikkje har skjedd.

Det går fram av dokumentasjonen i saka at arbeidet med temaplanen blei starta opp allereie i 2021, og at han låg klar til politisk behandling etter ei høyring som var ferdig 6. januar 2023. Grunna arbeid med endringar i opplæringslova og ny barnevernslov vurderte kommunedirektøren å innarbeide desse i oppvekstplanen før ny behandling. I tillegg blei det vurdert å ha med oppdaterte demografital og konsekvensane det vil ha for oppvekstsektoren. Spørsmålet om endring av skulestruktur har vidare blitt behandla gjennom 2023 og 2024. Det blir vist til at arbeidet med Temaplan for oppvekst er kopla saman med prosessen med samfunnsdelen til kommuneplanen (KPS), og at dokumentasjon, saksbehandling og invitasjon til drøftingsmøte har skjedd parallelt.

Vi ser at både temaplanen og KPS har vore på sakslista i fleire møte, også i Oppvekst- og kulturutvalet. Det var også etter møte i dette utvalet 5. juni 2024 at 2. utkast til temaplanen, med forslag om å leggje ned Stavang skule frå skuleåret 2025/2026, blei sendt på ny høyring. I møte 19. november 2024 blei det ifølgje saksframlegget gjort «Vedtak som innstilling» frå blant anna dette utvalet, likelydande det som blei endeleg vedtatt i kommunestyremøtet 16. desember 2024. På bakgrunn av denne prosessen kan vi ikkje sjå at det er noko som tilseier at forslaget om å leggje ned Stavang skule ikkje har vore kjent. Vi finn at saka har vore tilstrekkeleg utgreidd til at kommunestyret kunne gjere endeleg vedtak i saka. Vi kan ikkje sjå at rundskrivet stiller krav om at det blir gjort eit eige sjølvstendig vedtak om nedlegging. Vi vurderer derfor at kommunestyret kan gjere slikt vedtak om nedlegging i samband med sak om Temaplanen for oppvekst, slik som her er gjort.

Når det gjeld innvendinga om at det var først i januar 2025 at forskriftsendringa for opptaksområde var ute på høyring, er dette slik vi ser det i tråd med kommunestyret sitt vedtak av 16. desember 2024. Her går det fram at «Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Stavang skule, vert starta opp snarast.» Dette er vidare i tråd med rundskriv Udir-2-2012, som slår fast at spørsmålet om nedlegging og forskriftsendring kan behandlast som to separate saker.

#### *Om høyring og medverknad*

I kravet om lovlegkontroll blir det vist til at det er eit generelt forvaltningsrettsleg prinsipp at ei sak skal vere forsvarleg klarlagt før ei avgjerd blir tatt. Representantane meiner saka ikkje har vore på høyring, og at grendalag, foreldreråd og andre organisasjonar som kan ha interesse for saka, ikkje er blitt høyrde før vedtaket blei gjort.

Som nemnt blei arbeidet med temaplanen starta opp allereie i 2021 og vidare behandla gjennom 2023 og 2024. Det går fram at temaplanen har vore ute på offentleg høyring, med høyringsfrist 6. januar 2023. Det kom då inn ni høyringsinnspel, som kommunen viser til at i stor grad er tatt omsyn til i 2. utkast til temaplanen. Kommunestyret godkjende høyringsdokumentet for KPS i juni 2024, og



temaplanen for oppvekst, 2. utkast, blei sendt på høyring etter vedtak i Oppvekst- og kulturutvalet 5. juni. Temaplanen var ute på ny offentleg høyring i perioden 1. august til 30. september 2024. Det kom i denne runden inn sju høyringsinnspel. Tre av innspela er knytt til det strategiske innhaldet i planen, medan resten av innspela er knytt til skulestruktur. I KPS kom det inn ni høyringsinnspel knytt til skulestruktur. Kommunedirektøren har innlemma alle innspela til skulestruktur i behandlinga av temaplanen for oppvekst, sjølv om nokre av innspela formelt berre er sendt inn til KPS. Det går fram at dette er gjort for å sikre ei heilskapleg og lik behandling av spørsmåla knytt til skulestruktur.

Alle høyringsinnspela har vore tilgjengelege for kommunestyret. I tillegg har kommunen laga ei oppsummering over kva innspela inneheldt, med kommunedirektøren si vurdering. Denne oversikta var tilgjengeleg for kommunestyret som eit eige vedlegg til saka. Ingen av høyringsinnspela gjaldt særskilt for Stavang skule.

Vidare går det fram at det har blitt lagt til rette for ulike former for medverknad, både generelt og for dei som blei råka av nedlegginga av Stavang skule spesifikt. For sistnemnde blir det vist til eit sær møte med FAU ved Stavang skule 10. juni 2024. Foreldra ved Stavang skule blei også bedne om å komme med kommentarar til mogeleg vedtak om nedlegging, og eventuelt om dei ynskte at barnet skulle få tilbod om ny skule i Eikefjord eller i Florø sentrum, innan slutten av juni 2024. Det går ikkje fram av dokumentasjonen at det er kome inn noko innspel frå FAU eller foreldra ved skulen.

I september 2024 blei det gjennomført ei innbyggjarundersøking om blant anna skulestrukturendring. Same månad blei det også halde høyringsmøte i både Florø og Måløy, der kommunen informerte innbyggjarar, skular, FAU, lag- og organisasjonar, med fleire, om planarbeidet. Det har vore annonseringar i media, og grendelag, næringsliv, FAU, med fleire, er blitt varsla om planarbeidet i eige brev med informasjon om grunnlaget for planen og høyringsfrist. Skulane og tillitsvalde har også hatt planane på høyring. Kommunen sine rådsorgan, arbeidsmiljøutval og arbeidstakar-organisasjonane har hatt høve til å setja seg inn i planarbeidet og gi merknader.

Ut frå dette vurderer Statsforvaltaren at kommunen har lagt godt til rette for informasjon og medverknad i prosessen. Saka har vore på offentleg høyring, og kommunen har elles lagt til rette for at både dei som er direkte råka av nedlegginga, og andre med interesse i saka, har hatt *høve* til å uttale seg.

#### *Om barnet sitt beste*

Barnet sitt beste skal vere eit grunnleggjande omsyn som skal vurderast i alle saker som gjeld barn, og barna har ein rett til å bli høyrde i saker som gjeld dei sjølv. Dette følgjer av opplæringslova §§ 10-1 og 10-2, Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen artikkel 3 og 12. Ei avgjerd om å leggje ned ein skule omhandlar barn, og kommunen skal derfor gjere ei vurdering av omsynet til barnet sitt beste. Avgjerdar som gjeld barn må vise korleis barnet sine interesser er identifiserte, og korleis dei er vege opp mot andre omsyn. Den som tar avgjerda, pliktar å leggje til rette for å høyre barna. Barna må ikkje høyrast direkte, men kan la seg høyre gjennom føresette eller foreiningar som



representerer dei. Fordi eit vedtak om skulestruktur ikkje er et enkeltvedtak, er det tilstrekkeleg å vurdere barna sitt beste på systemnivå. Dersom barnet sitt beste ikkje er vurdert godt nok, kan dette utgjere ein saksbehandlingsfeil ved avgjerda.

I kravet går det fram at representantane meiner at barnet sitt beste ikkje er blitt vurdert.

Vi ser at kommunen, under ei eiga deloverskrift i saksframlegget, har gjort ei konkret barnet sitt beste vurdering. Dei har blant anna sett på skulevegen og skyss opp mot barnet sin rett til kvile og fritid. Her har dei også sett på korleis dette vil påverke barna ved Stavang skule, og kompenserande tiltak for å redusere eventuelle negative konsekvensar for desse barna. Dei har sett på kva omstillingar ei skulestrukturendring vi medføre, barna sitt høve til å oppretthalde relasjonar og elevane sin sårbarheitssituasjon. Kommunen har vektla omsynet til barnet sitt beste opp mot andre relevante omsyn.

Også elles i saksframlegget er det gjort vurderingar av betydning for barnet sitt beste og avveginga opp mot andre omsyn. Det går mellom anna fram at kommunen, ved å redusere tal skular, vil kunne tilpasse den økonomiske og pedagogiske drifta til eit lågare elevtal, og såleis gi elevane i kommunen eit meir likeverdig undervisningstilbod. Dette vil også sikre eit berekraftig grunnskuletilbod, og gjere det lettare å rekruttere lærarar og naudsynt kompetanse i profesjonsfellesskapet. Kommunen har ut frå høyringsinnspela vurdert verknaden nedlegging av ein skule kan få for eit lokalsamfunn, men dei har ikkje funne tilstrekkeleg dokumentasjon på at kommunen tapar tilflytting av nye innbyggjarar ved å gjere endringar i skulestrukturen. Det blir peikt på at eventuelle konsekvensar av å ikkje gjere struktureltiltak vil vere at kommunen anten ikkje klarer å innfri lærarnorma på dei store skulane, eller at det ikkje er nok midlar til å sikre forsvarleg drift på dei små skulane. Skular med få elevar vil vidare få problem med å drifte skulen innanfor ramma dei får tildelt per elev. Det blir peikt på at det er stor overkapasitet i elevplassar, og eit behov for å få redusert antal skulebygg som er i drift, slik at kostnadene til drift og vedlikehald blir redusert. Kommunen har ikkje økonomi til å rehabilitere alle skulebygga som er i drift.

Etter gjeldande rett er det ikkje ulovleg å leggje ned skular. Sjølv om omsynet til barnet sitt beste skal vere eit grunnleggjande omsyn og ha stor vekt, inneber det ikkje at dette omsynet alltid vil ha avgjerande betydning. Det er ei politisk avgjerd å bestemme om det er grunnlag for å leggje ned skular og kva skular som eventuelt skal leggjast ned.

Det er vår vurdering at kommunen har gjort ei grundig vurdering av kva som er til barna sitt beste i denne saka. I tillegg har dei vurdert kompenserande tiltak for å redusere eventuelle negative konsekvensar. Dei har også vektla omsynet til barnet sitt beste opp mot andre relevante omsyn. Som vist til over, vurderer vi også at kommunen har lagt til rette for å høyre barna. Det er gjort både gjennom eit særskilt møte med FAU og ved at dei einskilte foreldra ved Stavang skule har blitt bedne om å komme med kommentar til mogeleg vedtak om nedlegging.

## Konklusjon

Statsforvaltaren vurderer at kommunen sitt vedtak i sak 151/24 om nedlegging av Stavang skule er



lovleg.

Vi ber om at kommunen orienterer dei som har sett fram kravet om lovlegkontroll, om Statsforvaltaren si avgjerd.

Med helsing

Gunnar Hæreid  
ass. statsforvaltar

Linda Burkeland  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*